



# Årsmelding NAF avd. Indre Sogn 2014

## Årsmøte i NAF avd. Indre Sogn

Mandag 30. mars 2015  
på Villa Solvi, Hafslø  
kl 19.00.

Vanlege årsmøtesaker og val.

Det blir enkel servering.

Helsing styret

**Tema: Lokale rundkøyeringar**

Styret 2014

Jon Fimreite, Leiar

Stig Lerheim Viken

Malin Øvrebø

Jan Åge Berge

Siv Skogstad Tufte

Vara

Tordis Kristine Søvde

Per Åretun

Odd Atle Stegegjerdet

Dagfinn Tufte



## **Leiaren oppsummerer:**

Årsmøtet i 2014 fann stad på Lægroid Hotell i Sogndal 15. mars.

Styret i 2014 har bestått av: Leiar Jon Fimreite, Jan Åge Berge, Malin Øvrebø, Siv Skogstad Tufte og Stig Lerheim Viken.

Varamedlemmar har vore: Per Årethun, Tordis Kristine Søvde, Odd Atle Stegegjerdet og Dagfinn Tufte.

Valnemnd har vore: Jørgen Bruheim, Torfinn Skåheim og Inge Peder Solberg.

Landsmøtet for 2014 vart halde i Holmenkollen, der Siv Skogstad Tufte møtte for NAF avd. Indre Sogn.

Lokalavdelinga har halde styremøta på Maskinsenteret i løpet av året i påvente av at møtelokalet på øvingsbana på Kaupanger vert ferdig.

Me har halde NAF sin sykkelkonkurranse for femte- til sjuendeklassingar i Indre Sogn på øvingsbana, der Jan Åge Berge har vore aksjonsansvarleg. Dette var eit vellukka arrangement som me vil halde fram med.

Me har halde medlemskveld på Kaupanger Bil der medlemmane kunne få ein enkel kontroll på bilen.

Me har ikkje hatt besøk av den nye testvogna til NAF i 2014, då den vart seinare ferdig med innkøyringsperioden. Me vonar den er klar til innsats når me skal ha testvogna på vårparten i år.

NAF-dagen vart gjennomført 24. mai på øvingsbana saman med NAF Motorsport Indre Sogn. Dette var eit flott arrangement der me også hadde med oss Sogn brann og redning IKS som viste fram brannutstyr og hadde ei lita brannøving. Me er takksame for at dei stiller opp med oss på slike dagar.

Lokalavdelinga har støtta Sogn Rallyteam og motorsportklubben si drift på øvingsbana. Me har også inngått eit samarbeid med Kaupanger Speidargruppe som ilag med oss har bygga eit lagerlokale og eit møterom med toalettfasilitetar på øvingsbana. Desse vart nesten ferdigstilt i løpet av året.

Det som står att er å flytta el-sentralen frå den gamle brakka til og få riva/fjerna brakka. Dette er ein god sambruk av lokaler til nytte for speidarane, motorsportklubben og lokalavdelinga.

Helsing

Leiar Jon Fimreite



## **NAF sin sykkelkonkurranse**

Me arrangerte for første gong sykkelkonkurranse i 2014. Der inviterte me elevar i 5-7. klasse frå alle skulane som ligg under NAF avd. Indre Sogn. Det var 3 skular som meldte seg på. Skulane hadde sin interne konkurranse først. I mai hadde me den lokale konkurransen.

Der stilte 2 skular; Fresvik og Sogndal. Det skulle kårast 4 vinnarar, 2 jenter og 2 gutar. Alle vinnarane var frå Fresvik skule og desse gjekk vidare til landsfinalen. Me vil òg arrangere sykkelkonkurranse i 2015.

Mvh  
Jan Åge



## Helsing frå Øvingsbana.

Det har vore eit aktivt år på øvingsbana! I tillegg til dugnadsaktivitet frå motorsportklubben på alle banene har det vore tre store aktivitetar på bana i 2014; NAF-dagen, sykkelkonkurranse og Drift Weekend. Dette var store arrangement som viste mykje variert aktivitet og som trekte ein del folk. Attendemeldingane var at dette var kjempeflotte stemner med mykje folk og aktivitet. NAF Motorsport Indre Sogn har hatt ein del treningsaktivitet på banene i løpet av året. Dugnadsaktiviteten har vore størst på oppgradering på cross-/ATV-bana for å få banegodkjenning.

Me har hatt eit godt samarbeid med grunneigar Andreas Bøthun og med lokalavdelinga og motorsportklubben. Køyreskulane har også nytta bana til både opplæring på motorsykkel og moped. Takkar for godt samarbeid med køyreskulane og Statens vegvesen ved trafikkstasjonen i Sogndal.

Bana har også vore nytta av medlemmar som har hatt køyretrening med sine håpefulle på lukka bane. Eg oppfordrar medlemmane til å halde fram med å nytta bana - det er berre å ta kontakt.

Helsing vaktmeisteren: mob. 91387554

# ***Rabattavtale på batteri og olje***

NAF Motorsport Indre Sogn har forhandla fram ein rabattavtale med Maskinsenteret AS

Medlemmane i motorsportklubben og medlemmar i NAF avd. Indre Sogn får rabatt på kjøp av **VARTA** batteri og **Castrol** og **AGROL** oljeprodukter.

**35%** Rabatt på Varta Batteri, **15%** rabatt på oljeprodukter.

Dette er eit tilbod me ber medlemmane om å nytte.


Rabattane får ein ved å visa fram medlemskort når ein handlar på Maskinsenteret AS

NAF Motorsport Indre Sogn

**Jon Fimreite**

Leiar

Maskinsenteret



Årsrekneskap 2014				
<b>RESULTAT</b>	<b>2014</b>	<b>Budsjett 2014</b>	<b>2013</b>	
<b>Inntekter</b>				
	kr 223 995,18	kr 195 000,00	kr 220 814,38	
Renteinntekter	kr 279,61	kr 1 000,00	kr 808,19	
Diverse inntekter	kr 90 061,82	kr 71 000,00	kr 123 759,49	
Baneleige	kr 71 000,00			
<b>Sum inntekter</b>	<b>kr 385 336,61</b>	<b>kr 267 000,00</b>	<b>kr 345 382,06</b>	
<b>Driftskostnader</b>				
Revisjonshonorar	kr 5 500,00	kr 5 000,00	kr 12 500,00	
Telefon, internett, porto, frakt m.v.	kr 8 065,00	kr 3 000,00	kr 1 853,00	
Trafikktryggleik	kr 36 019,10	kr 70 000,00	kr 33 059,00	
Sentrale kurs og møter	kr 28 787,00	kr 34 000,00	kr 32 912,59	
Medlemsmøter	kr 26 379,56	kr 30 000,00	kr 20 938,50	
Styremøter	kr 21 047,00	kr 5 000,00	kr 10 285,00	
Vedlikehold bygning / Øvingsbane	kr 114 278,55	kr 20 000,00	kr 234 905,10	
Marknadsføringskostnader	kr 40 800,50	kr 15 000,00	kr 40 442,00	
Diverse utgifter	kr 21 841,22	kr 71 000,00	kr 28 040,00	
Baneleige	kr 71 000,00			
<b>Sum kostnader</b>	<b>kr 373 717,93</b>	<b>kr 253 000,00</b>	<b>kr 414 935,19</b>	
<b>Årsresultat</b>	<b>kr 11 618,68</b>		<b>kr -69 553,13</b>	
<b>BALANSE</b>				
<b>Eigendeler</b>	<b>2014</b>		<b>2013</b>	
Bankinnskott	kr 155 928,43		kr 47 810,75	
<b>Sum eigendeler</b>	<b>kr 155 928,43</b>		<b>kr 47 810,75</b>	
<b>Gjeld / Eigenkapital</b>				
Eigenkapital	kr 59 429,43		kr 47 810,75	
Påløpte kostnader 2014, bet. i 2015	kr 24 499,00			
Lån NAF Finans	kr 72 000,00			
<b>Sum Gjeld / Eigenkapital</b>	<b>kr 155 928,43</b>		<b>kr 47 810,75</b>	
Endring av eigenkapital				
Eigenkapital 01.01.	kr 47 810,75			
Resultat	kr 11 618,68			
Eigenkapital 31.12.	kr 59 429,43			

# BUDSJETT 2015

## Inntekter:

Kontingentar	225 000,-
Renteinntekter	1 000,-
Diverse inntekter	90 000,-
Baneleige	71 000,-

**Sum Inntekter** **387 000,-**

## Driftskostnader:

Revisjon	6 000,-
Telefon, Internett, Porto, Frakt etc	3 000,-
Trafikktryggleik	70 000,-
Sentrale kurs og møter	34 000,-
Medlemsmøter/medlemskveldar	43 000,-
Styremøter	20 000,-
Vedlikehald bygningar	30 000,-
Marknadsføringskostnader	40 000,-
Diverse utgifter	70 000,-
Baneleige	71 000,-

**Sum Kostnader** **387 000,-**

## **Kommentar til årsrekneskap 2014, NAF avd. Indre Sogn**

I 2014 fekk NAF avd. Indre Sogn kr 72 000,- i støtte frå NAF Aktivitetsfond og kr 72 000,- i lån frå NAF Finans for ferdigstilling av nytt møtelokale og riving av det gamle.

Under vil det kome ei nærare forklaring på postane som kan verke utydelege eller som har store avvik frå budsjettet for 2014.

### **Inntekter**

#### *Diverse inntekter*

Dei diverse inntektene er høgare enn budsjettet grunna støtta lokalavdelinga fekk frå NAF Aktivitetsfond og grunna dobbel betaling av enkelte rekningar, som er blitt tilbakebetalt.

#### *Baneleige*

I år kom det ein eigen post for leige av øvingsbana. Dette same gjeld for utgifter. Tidlegare har desse leigeinntektene og –utgiftene blitt ført under «Diverse inntekter» og utgiftsposten «Øvingsbane». Dei blir frå no plassert under eigen post fordi NAF Motorsport Indre Sogn betaler leige til lokalavdelinga, som har leigeavtale med grunneigar Andreas Bøthun. Det er den same summen som går ut som kjem inn, så det går i grunn i null.

### **Utgifter**

#### *Telefon, internett, porto, frakt etc.*

NAF har no ny IKT-løysing som lokalavdelinga må betala sin del for. I tillegg har to av styremedlemmane blitt kursa i bruk av denne løysinga. Posten er litt høgare enn budsjettet, grunna dette, men kurset er ein eingongssum for 2014. Denne posten dekkjer difor IKT-løysinga, kurs for to styremedlemmar, innkjøp av kontorrekvisita, internett- og telefongodtgjersle, og gebyr for betaling av rekningar i nettbank.

#### *Trafikktryggleik*

I 2014 arrangerte lokalavdelinga for første gong sykkelkonkurranse for femte- til sjuandeklassingar i Indre Sogn. Posten Trafikktryggleik dekkjer utgiftene til dette, samt utgiftene til gratiskontrollen for medlemmar og sponning. Me har derimot ikkje hatt besøk av den nye testvogna til NAF i 2014.

#### *Styremøter*

Denne posten er omtrent dobbelt så høg som forventa. Ei årsak til dette er styremøtet/julemøtet som blei halde på Gol, slik at styremedlemmane som midlertidig bur vekte kunne møta på halvvegen.

#### *Marknadsføringskostnader*

Marknadsføringskostnadane er høgare i år, då me skulda NAF avd. Fjordane for vår del av innlegget i NAF-avisa i 2013. Dette utgjer omtrent halvparten av utgiftene på denne posten og blei etterbetalt i byrjinga av 2015, då lokalavdelinga ikkje fekk rekninga før.

#### *Vedlikehald bygning/Øvingsbane*

Posten Vedlikehald bygning/Øvingsbane (tidl. berre «Øvingsbane») er framleis ganske stor, mykje grunna ferdigstilling av møteloaleet. Andre utgifter på denne posten er straumrekningar, kommunale avgifter og eigeomsskatt, samt næringslivsforsikring. Til skilnad frå årsrekneskapet frå i fjor, har baneleiga blitt plassert under eigen post, noko som reduserer totalsummen til posten Vedlikehald bygning/Øvingsbane. I år fekk, som nemnt, lokalavdelinga til saman kr 144 000,- i støtte frå NAF



Aktivitetsfond og lån frå NAF Finans for å dekke utgiftene med ferdigstilling av møtelokalet og riving av det gamle bygget.

#### *Diverse utgifter*

Denne posten består i hovudsak av betaling av medlemskap for styret, leige av postboks, og innkjøp til NAF-dag og andre arrangement.

#### *Baneleige*

Som nemnt over er baneleiga plassert under ein eigen post for inntekter og utgifter, kalla «Baneleige». Det er den same summen som går ut som kjem inn, så det går i grunn i null.

#### **Gjeld/Eigenkapital**

##### *Påløpte kostnader 2014, bet. i 2015*

Dette er utgiftene for vår del av NAF-avisa i 2013 som måtte kome med på rekneskapen for 2014.

## På årsmøtet skal desse veljast:

### Styret:

Leiar for 2 år:

### Noverande:

Jon Fimreite

På val.

Styremedlem for 2 år:

Jan Åge Berge

På val.

Styremedlem for 2 år:

Siv Skogstad tufte

På val.

Stig Lerheim Viken

Ikkje på val.

Malin Øvrebø

Ikkje på val.

### Varamedlemmar til styre på val for 1 år:

Tordis Kristine Søvde

På val.

Per Åretun

På val.

Dagfinn Tufte

På val.

Odd Atle Stegegjerdet

På val.

### Valnemnd:

Jørgen Bruheim

Torfinn Skårheim

Inge Peder Solberg

Til styret i Naf avd. Indre Sogn

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Naf avd. Indre Sogn som viser et negativt aktivitetsresultat på kr 11 619,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2014, og aktivitetsregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

### *Styrets ansvar for årsregnskapet*

Styret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for organisasjonens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av organisasjonens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### *Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Naf avd. Indre Sogn per 31. desember 2014 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

**Uttalelse om øvrige forhold***Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til årets disponering av aktivitetsresultatet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av organisasjonens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Sogn dal, 26. mars 2015  
Deloitte AS



Knut Midtun  
statsautorisert revisor